

NVE v/Jakob Fjellanger

Fråsegn saksnummer 202320330

Tilleggsutgreiing villrein – kraftutbyggingar i Røldal–Suldal-vassdraget

Me er ein familie på fem som har flytta til Røldal for å overta Rabbe fjellgard som gjennom snart titals generasjonar har satsa på næringsutvikling innerst i Valldalen og i dei tilstøtande dalføra innanfor.

Me som næringsdrivande i Valldalen og innover på Hardangervidda kan bli råka av den vidare utviklinga av RSK på ulike måtar. Me driv både landbruksrelatert næring her inne og friluftslivsturisme, inkludert salg av jakt og fiskerettar. Villreinforvaltning er derfor viktig for vårt næringsgrunnlag.

Å vidareføre drifta av ein familiegard med djupe røtter knytt til ressursgrunnlaget i og rundt Valldalen, er og kulturutøvelse som baserar seg på gammal kulturarv. Utnytting av lokale matressursar som jordbruk, fisk og villrein har røtter fleire tusen år tilbake i dette området.

Me viser til høyring av tilleggsutgreiing for villrein knytt til Lyse Kraft DA sine planlagde kraftutbyggingar i Røldal–Suldal-vassdraget.

Me sluttar oss fullt og heilt til vurderingane og konklusjonane i høyringssvaret frå Røldal fjellstyre, og meiner dette innspelet på ein grundig måte dokumenterer både faglege manglar og alvorlege konsekvensar for villreinen.

I vårt innspel vil me særleg peike på forhold som me meiner er undervurdert og i praksis sett bort frå i eit villreinforvaltnings-perspektiv. Dette gjeld både i den pågåande miljørevisjonen, konsesjonssøknaden og tilleggsutgreiinga for villrein.

Lyse legg til grunn (uavhengig av korleis kraftanlegget vert drifta) at framtidig vinterferdsel i Valldalen skal flyttast opp i høgfjellet, inn i villreinen sine beite- og trekkområde, som følgje av forverra isforhold i Valldalenmagasinet.

Dette er ein føresetnad ein ikkje kan byggje vidare på – verken fagleg, forvaltningsmessig eller rettsleg.

Endra isforhold og flytting av ferdsl – eit ikkje-utgreidd premis

Tilleggsutgreiinga slår fast at reguleringane i Votna og Valldalen vil gje meir utrygge isforhold, særleg som følgje av høg reguleringshøgde, bratt topografi og marknadsstyrt pumpe- og produksjonskøyring.

Dette vert også stadfesta i fagrapportar og t.d. i høyringsinnspelet frå Røldal fjellstyre.

Det som derimot ikkje er utgreidd, er kva konsekvensar desse endra isforholda får for menneskeleg ferdsl i samanheng med kor denne ferdslen i praksis vil bli flytta.

Derfor ligg det implisitt til grunn at:

- vinterferdsel langs Valldalenmagasinet ikkje lenger kan skje trygt i dalbotn

- ferdsel må difor flyttast til alternative trasear som ligg høgare i terrenget, nærare – eller inne i – villreinen sine leve-, beite- og trekkområde

Dette er ikkje ei teoretisk problemstilling, men ein heilt konkret og føreseieleg konsekvens av RSK sine planar for Valdalsmagasinet.

Likevel er denne flyttinga av ferdsel ikkje konsekvensutgreidd som eit eige inngrep.

Valldalen skil seg vesentleg frå Votna

Det er avgjerande å understreke at Valldalen ikkje kan samanliknast direkte med Votna når det gjeld ferdsel og brukarinteresser.

Valldalen har:

- langt større vintertrafikk enn Votnamagasinet
- fleire og meir samansette interesser knytt til ferdsel (grunneigarar, landbruk, jakt, fiske, tilsyn, friluftsliv)
- ei historisk og naturleg ferdselsåre i dalbotn, der ein i liten grad kjem i konflikt med villrein

Ei flytting av ferdsel frå dalbotn og opp i terrenget vil difor:

- gi betydelig meir ferdsel i villreinområde
- skape meir uro og forstyrning i ein sårbar vinterperiode
- føre til ein ny og vesentleg barriereeffekt for villreinen i Valldalen

Dette er endringar som kan få stor betydning for reinsdyra sin arealbruk.

Manglande vurdering av alternativ i dalbotn

Særleg problematisk er det at alternativ for å halde ferdsel i dalbotn ikkje er vurdert.

Det er ikkje gjort ei vurdering av konfliktgrad mellom ferdsel og villrein i dalbotn samanlikna med høgfjellet.

Dette er ein klar mangel ved kunnskapsgrunnlaget.

Manglande avklaringar med grunneigarar

Det er vidare viktig å peike på at det ikkje ligg føre avtalar med grunneigarar om nye vintertrasear i høgfjellet.

Det er ikkje avklart praktisk korleis slik ferdsel skal organiserast eller vurdert kva inngrep dette vil medføre.

Kva begrensingar vil det medføre når ein må opp i villreinen sine beite- og leveområde for å få tilgong til Valldalen? Mest truleg ville ei slik løysing gje reduserte "opningstider".

Likevel vert det frå Lyse si side lagt til grunn at denne løysinga er ein føresetnad i både revisjonsdokument og konsesjonssøknad.

Dette er uakseptabelt.

I ein miljørevisjon og ein konsesjonssøknad kan ein ikkje byggje eit vedtak på føresetnader som verken er avtalefesta, utgreidde eller konsekvensvurderte.

Samla belastning

Som Røldal fjellstyre grundig dokumenterer, er samla belastning for villreinen ikkje tilfredsstillande vurdert.

Flytting av ferdsel i Valldalen er eit tydeleg døme på at her har ein ikkje sett heilhetlig på den utviklinga RSK ynskjer for anlegget sitt. Ein kan ikkje «løyse» problema i etterkant gjennom vilkår og overvaking.

Avslutning

Etter vår vurdering har tilleggsutgreiinga framleis store hol i kunnskapsgrunnlaget. Me tykkjer det er viktig å peike på at ferdsel i Valldalen og til dels på Votna vil gje konsekvensar for menneskeleg ferdsel og dette vil indirekte verte ei forstyrring og barriereeffekt for villrein.

Flytting av vinterferdsel frå dalbotn og opp i villreinen sine leveområde er ein alvorleg og ikkje-utgreidd konsekvens av prosjektet.

Me meiner difor at NVE ikkje kan godkjenne tiltaket slik det ligg føre og at ein gjennom revisjonen må sjå på korleis RSK kan tilrettelegge ferdsel som er til det beste for brukarinteressene og villreinen.

Med venleg helsing

Rabbe Fjellgard v/ Ingvild Skare Thygesen og Nils Petter Rabbe